

Kartlegging av Universell utforming på turvegar i Vestland 2020



Sluttrapport

Utarbeidd av Vestland fylkeskommune.

1. Innleiing

Prosjektnamn: Kartlegging av universell utforming av turveggar i friluftsområder.

Planlagt start- og sluttdato: 01.06.20 - 31.10.20

Hovudansvarleg søker: Vestland fylkeskommune

Bakgrunn for prosjektet- Problemskildring frå prosjektsøknaden

I tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune vart det fleire gonger tidlegare gjennomført ulike kartleggingar av universell utforming og tilgjengelegheit av friluftsområder. Det er kartlagt sentrumsnære turveggar, badeplassar, fiskeplassar og skianlegg og parkering i ulike friluftsområder. Å gjennomføre slike kartleggingar er noko nye Vestland fylkeskommune ynskjer å vidareføre. Vestland fylke er eit stort fylke, både geografisk og i folketal. Derfor ser vi føre oss at kartlegging vil bli meir omfattande, og det vil bli kartlagt fleire områder enn kva ein har hatt kapasitet til i gamle Sogn og Fjordane. For å klare å gjere kartleggingane så omfattande har Vestland fylkeskommune avtalt å samarbeide med Bergen og Omland friluftsråd og Bergen og Hordaland turlag om denne kartlegginga.

I dette prosjektet vil vi kartlegge tilgjengelegheita på turveggar i eksisterande og mykje nytta friluftsområder i Vestland fylke. Ettersom det er gjennomført fleire kartleggingar i gamle Sogn og Fjordane fylke tidlegare vil hovudvekta av områda som skal kartleggast i år vere i gamle Hordaland fylke. I den samanheng vil det å samarbeide med Bergen og Omland friluftsråd, og Bergen og Hordaland turlag vere nyttig og viktig. Desse organisasjonane har god oversikt over mykje nytta friluftsområder i gamle Hordaland, kor stor bruken er i dei ulike områda og kva turveggar som kan vere aktuelle å kartlegge. Frå gamle Hordaland er det turveggar i friluftsområder i kommunane; Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Osterøy, Samnanger, Tysnes, Vaksdal og Øygarden det er planlagt kartlegging.

Når det gjeld områder i gamle Sogn og Fjordane fylke er det som nemnd gjennomført fleire kartleggingar tidlegare. Det er likevel mange områder som ikkje er kartlagde. I dei tidlegare kartleggingane har det vore eit fokus på turveggar nær sentrumsområde eller nær bustadområde. I årets kartlegging vil derfor fokuset vere på klarare definerte friluftsområder, som ikkje nødvendigvis ligg tett på sentrum. Førebels er det planlagt kartleggingar i kommunane; Bremanger, Gloppen, Kinn, Sunnfjord, Sogndal, Solund og Vik.

Kartlegginga vil vi gjennomføre ved hjelp av eigne medarbeidarar både i frå fylkeskommunen, Bergen og Omland friluftsråd og Bergen og Hordaland turlag. I etterkant av kartlegginga vil vi samle resultatane i ein rapport som vil presenterer for kommunane og friluftorganisasjonar. Rapporten vil i tillegg bli gjort tilgjengeleg for kommunane og friluftorganisasjonar slik at dei kan nytte den i sitt arbeid.

Effekt mål pr. målgruppe:

Auke fokuset på universell utforming for å gjere turveggar i friluftsområder meir tilgjengelege, styrke by- og bygdeutviklinga og utvikling av turveggar som er tilgjengelege for alle.

Resultatmål:

Auka tilgjengelegheit på turveggar i eksisterande friluftsområder i Vestland fylke, samt auka fokus og kompetanse om universell utforming og tilgjengelegheit i friluftsområder. Vi ser også

føre oss at rapporten kan vere eit utgangspunkt ved framtidige spelemiddelsøknadar knytt til rehabilitering og/eller vidareutvikling av turveggar i friluftsområder. Dette vil også vere eit ein nyttig del av kunnskapsgrunnlaget for plan for friluftslivets ferdselsårer i kommunane i Vestland. Eit arbeid Bergen og Omland friluftsråd og Vestland fylkeskommune samarbeider om.

2. Oppnådde resultat

Det vart nemnd i prosjektskildringa at det kunne kartleggast turveggar i til saman 21 kommunar. Etter å ha arbeidd vidare med prosjektet etter søknaden, blant anna med nærare kontakt med kommunane vart det til slutt kartlagt turveggar i 12 kommunar. Desse var ; Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden, Osterøy, Vaksdal, Øygarden, Bremanger, Kinn, Sunnfjord, Sogndal og Solund. Totalt vart det kartlagt 40 turveggar. I nokre kommunar er det kartlagt 1 turveg, medan det i andre er kartlagt fleire. I Bergen er det til dømes kartlagt 17 turveggar. Føresetnadane for å gjennomføre kartleggingane har vore gode. Kommunane har vore hjelpsame med å velje ut turveggar å kartlegge. I tillegg har BOF og BHT valt ut turveggar basert på eigen erfaring og lokale forhold i sine områder.

Det er varierende i kor stor grad turvegane som er kartlagt er tilgjengelege for brukarar av manuell rullestol. Ingen er fullstendig tilgjengelege, nokre av turvegane nær å kunne karakteriserast til å ha høg grad av tilgjengelegheit, og har potensial for å bli tilnærma universelt utforma med enkelte tiltak. Nokre av turvegane er ikkje i nærleiken av å vere tilgjengelege og har ikkje mogelegheit til å bli godt tilgjengelege utan uforholdsmessig store naturinngrep. Desse har likevel potensiale til å bli meir tilgjengelege viss ein gjennomfører visse tiltak, som f.eks. ny og fastare grus, eller med innlagde kvileplassar i dei brattaste motbakkane.

Etter kartlegginga har vi fått ei meir heilskapleg oversikt over grad av universell utforming på turveggar i dei friluftsområda som er kartlagt. Vi veit også meir om kva krav som vert stilt for å kunne kategorisere ein turveg som universelt utforma, noko som vert nyttig å ta med seg vidare både for fylkeskommunen, BOF og BHT. I etterkant av kartlegginga vil vi gje kommunane oversikt over kva tiltak som må gjennomførast for å anten gjere ein eksisterande turveg heilt universelt utforma, eller eventuelt meir tilgjengeleg enn den er per i dag.

3. Effektmål og nytteverdi

Eit av måla i kartlegginga var å auke fokuset på universell utforming både internt i fylkeskommunen, i friluftsansjonane vi samarbeidar med og hos kommunane. Vi ynskjer at dei som jobbar med turveggar, friluftsliv og planlegging i offentlege verksemdar og frivillege friluftsansjonar skal bli meir merksame på kva som ligg i universell utforming, og kva som skal til for at ein turveg skal vere universelt utforma. Inntrykket er at graden av kompetanse knytt til universell utforming og tilgjengelegheit i kommunane er varierende. Enkelte kommunar har stort fokus på dette, andre har mindre fokus på det. Internt i fylkeskommunen og i BOF og BHT har det å gjennomføre denne kartlegginga auka kompetansen på universell utforming generelt, og ein har fått ei betre oversikt over i kor stor grad dei kartlagde friluftsområda er tilgjengelege.

Vidare ynskjer vi at denne kartlegginga skal kunne bidra til å styrke både by og bygdeutviklinga og utvikling av turveggar som er tilgjengelege for alle. Dette kan vere viktige

faktorar for å skape attraktive bu-miljø i fylket. Særleg når det gjeld å få folk til å busette seg og bli i distrikta er ein avhengig av at ein kan tilby gode og trygge oppvekst og levevilkår. For menneske som bur i by kan det også vere viktig å ha tilgang til friluftsliv i sine nærområder. Turvegane med høg grad av tilgjengelegheit kan vere ein viktig bidragsytar til dette. Dei gjev eit lågterskel turtilbod som alle kan nytte seg av.

Det er også eit mål å auke tilgjengelegheita på turvegane i eksisterande friluftsområder i Vestland fylke. Gjennom turvegane i friluftsområder som har høg grad av tilgjengelegheit vil fleire få mogelegheit til å oppleve friluftslivet, og dei positive effektane av dette. For personar med nedsett funksjonsevne vil slike turvegane vere avgjerande for å ha mogelegheit til å drive friluftslivsaktivitet.

Alle turvegane som er kartlagt ligg i databasen til Kartverket, og er såleis også tilgjengelege på norgeskart.no og fylkesatlas.no. Her ser ein tilstanden slik den er per i dag. I tillegg vert det laga ein detaljert rapport med grundige beskrivingar av kvar enkelt turveg, med forslag til tiltak for å forbetre tilgjengelegheita. Denne rapporten vil alle deltakarkommunar få. I tillegg vil den bli publisert elektronisk slik at andre interesserte kan få tilgang til den.

Når denne kartlegginga no er gjennomført har til saman 12 kommunar fått kartlagt tilgjengelegheita på turvegane i friluftsområder i sin kommune. Fylkeskommunen ynskjer at desse kartleggingane skal bidra til ei større satsing på turvegane med høg grad av tilgjengelegheit i tida framover. Fylkeskommunen kan bidra til å auke fokuset på dette ved å:

- Gå igjennom årets rapport med kommunane der det er kartlagt turvegane, og legg vekt på kva ein kan gjere for å auke tilgjengelegheita på turvegane.
- Formidle rapporten fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkesrådet for eldre, samt dei kommunale råda om årets kartlegging.
- Vurdere å arrangere webinar eller kurs for kommunane og frivillig sektor med fokus på universell utforming og tilgjengelegheit.
- Legge til rette for at kartleggingane som er gjort kan nyttast i framtidige søknadar om spelemidlar til turvegane.

4. Generelt om turvegane og tilgjengelegheit

Ein turveg er definert som ein opparbeidd trase for ferdsel til fots eller med sykkel. I denne kartlegginga har vi som nemnd kartlagt turvegane som ligg i friluftsområder. Vi satt ikkje som eit krav at turvegane skulle ligge i nærleiken av bebygde områder, men vi har likevel forsøkt å velje ut turvegane som det skal vere relativt enkelt å komme seg til. Resultatet er at dei fleste turvegane som er kartlagt ligg tett på bebygde områder.

Når det gjeld grad av tilgjengelegheit er krava for å kunne karakteriserast som tilgjengeleg, og få grøn farge i kartet relativt strenge. Bl.a. med krav om at ein ikkje kan ha brattare stigning enn 3,8 grader (for manuell rullestol), og 2,9 grader tverrfall. Det er også krav om at underlaget må vere fast og jamt utan nivåforskjellar over 2 cm, samt at for rullestolbrukarar må heile overflata ha fast underlag. Det er også minstekrav om minimum 120 cm breidde på turvegen (ved lav bruksintensitet) og med møteplass meg større breidde kvar 50-100 meter. På grunn av at krava er så strenge er det ingen av dei kartlagde turvegane som treff innanfor heile vegen. Det er turvegane dei ein treff innanfor på store delar av vegen, men der det likevel er korte strekkingar der det kan vere litt for bratt eller litt for ujamt. Dermed kan ikkje turvegen samla sett karakteriserast som tilgjengeleg. I desse tilfella vil vi påpeike dette i kommunerapporten, og foreslå tiltak til forbetring.

For ein turveg kan det vere ein fordel at det er laga til kvileplassar og kvilebenkar langs vegen. Av dei kartlagde turvegane har fleire av dei anten kvilebenk eller kvileplass med både bord og benkar. Nokre av turvegane hadde begge deler, medan andre igjen ikkje hadde nokon av delane. Blant turvegane som har kvilebenkar er det svært variabelt kor mange kvileplassar der er. Enkelte har mange kvileplassar langs heile vegen, medan andre har 1-2 kvileplassar, som ofte er plassert i starten av vegen. Kvar kvileplassane ligg er avgjerande for kor tilgjengelege dei er. Nokre stader ligg dei rett ved vegen, i same høgde og utan nokon form for kant eller hindring ein må komme seg over, medan dei andre stadar er plassert høgare eller lågare i terrenget, med ein betydeleg hindring/kant for å komme til. Kvar det er plassert benkar langs turvegane finn ein i kartlaget. Gode nok kvileplassar med ein relativt hyppig frekvens langs vegen, og med enkel tilkomst, kan vere ein avgjerande faktor for mange for om ein skal nytte seg av vegen. Dermed vil ei av tilbakemeldingane til kommunane vere at ei auka satsing på kvileplassar vil vere naudsynt.

Ein annan avgjerande faktor for å komme seg ut på tur, kan for mange vere at der er handicap parkeringar tilgjengeleg ved startpunkt (og/eller stoppunkt) for turen. Ved alle turvegane er det parkering anten rett ved, eller i nærleiken av turvegen. Ved dei aller fleste av parkeringane er det ikkje markert for HC-parkering. Dette er derfor noko kommunane må satse på. Mange av parkeringsplassane er store, og har god plass til HC-parkering. Her trengs det derfor berre oppmerking og skilting av HC-parkering. Dette er eit enkelt tiltak som dei aktuelle kommunane kan gjennomføre.

Det er to utfordrande moment som har vore diskutert internt i fylkeskommunen og saman med friluftslivsorganisasjonane og kommunane. Det første er kostnadane for å utvikle og etablere turvegar som har høg grad av tilgjengelegheit. For å få turvegane flate nok og breie nok for å tilfredsstille krav til tilgjengelegheit kan kostnadane for bygginga av turvegane bli relativt høge. Ein må gjerne fjerne eller legge til betydelege mengder med masse for å få traseen flat nok og brei nok. I eit fylke som Vestland, som har eit kupert terreng er det vanskeleg å finne store nok områder som er flate. Det andre momentet er at det å gjere slike tiltak, i tillegg til å ha ein høg kostnad, kan medføre betydelege naturinngrep. Ein må dermed vege kostnadane og naturinngrepet opp mot samfunnsnyttan av turvegen. Det kan vere nyttig og viktig med turvegar med høg tilgjengelegheit, men det betyr ikkje at alle turvegar må ha den same graden av tilgjengelegheit. Det kan vere viktig med turvegar med ulik grad av tilgjengelegheit, og ulik «vanskegrad» slik at alle kan nytte turvegar tilpassa sitt funksjonsnivå og sine ferdigheiter. Dette kan vere viktige moment for fylkeskommunen, kommunane og friluftslivsorganisasjonane å ta med seg i det vidare arbeidet for å auke tilgjengelegheita for alle for å kunne delta i friluftslivet.

5. Organisering

Prosjekteigar i fylket:

Avdeling kultur, idrett og integrering, ved Seksjon idrett og friluftsliv

Prosjektleiar:

Frank Tore Tveit, rådgjevar fysisk aktivitet - frank.tore.farsund.tveit@vlfk.no

Prosjektmedarbeidar:

Sigrid Kvåle Myksvoll, Bergen og Hordaland turlag - sigrid.kvale.myksvoll@dnt.no

Håkon Tufteland, Bergen og Omland friluftsråd - hakon.tufteland@bof.no

Andre bidragsytarar:

Kommunar i Vestland fylke, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, andre friluftsansjasjonar i Vestland fylke.

Styringsgruppe:

Seksjon idrett og friluftsliv, Vestland fylkeskommune

Referanseperson:

Britt Karen Spjeld, Seksjonssjef, seksjon idrett og friluftsliv - britt.karen.spjeld@vlfk.no

6. Økonomi

Budsjettramme: 350 000 kr.

Finansiering:

Tilskot frå Kartverket: 50 000 kr.

Eigne midlar: 300 000 kr.

Arbeid - tidsforbruk: Prosjektleiar - 162 timar, prosjektmedarbeidarar - 346 timar. Til saman 508 timar med timepris 600 kr.

Arbeidskostnad: 305 800 kr.

Utstyrskostnad: 9500 kr.

Reisekostnader: 10 619 kr.

Totalt: 324 919 kr.

7. Prosess

Fylkeskommunen har tidlegare gjennomført fleire kartleggingar i regi av Kartverket si tilskotsordning. Vi hadde derfor alt utstyr vi trengde for å gjennomføre kartlegginga. Når det gjeld BOF og BHT hadde dei ikkje alt av utstyr, og måtte derfor kjøpe inn dette. Utstyret som vart nytta var måleband, elektronisk vater og nettbrett. Vi nytta Kartverket sin UU friluft app til registreringane. Som hjelpemiddel undervegs nytta vi rettleiar og klassifiserings skjema for kartlegging av tilgjengelegheit.

Bruk av utstyret og app-en fungerer i stor grad veldig bra. App-en er intuitiv og i stor grad enkel å bruke. BHT hadde noko utfordring med pålogging i appen etter ferieavviklinga, men med hjelp frå Kartverket vart dette retta opp i relativt raskt. Totalt sett er opplevinga av å gjennomføre slike kartleggingar svært god, både for fylkeskommunen, BOF og BHT.

Kartleggingane gjev eit godt bilete på kva som er status knytt til tilgjengelegheit og universell utforming, og det gjev oss sjølv betre innsikt i dei utfordringane menneske med nedsett funksjonsevne kan møte når ein skal nytte slike turveggar.